Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 20.10.2022
Vår ref: 2019/4303
Dykkar dato:
Dykkar ref: Ole Jacob Gustad

NOBI AS AVD PRODUKSJON
Brynalii 153
5705 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M. Mulen, 5764 3127

Rapport frå inspeksjon ved NOBI AS, Voss
Kontrollnummer: 2022.110.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:	*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*
Tom Arve Bøthun, avdelingsleiar sandtak	Mari Katrine Berg-Arnesen
Ole Jacob Gustad, kvalitetsansvarleg	Toril M. Mulen

Resultat frå inspeksjonen
Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved NOBI AS 23. september 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:
- Verksemda si handtering av farleg avfall er mangelfull
- Verksemda manglar skriftlege rutinar for mottakskontroll, støv og handtering av farleg avfall
- Fleire utslepp frå verksemda er ikkje omtalt i risikovurderinga

Merknad:
- Måling av seksverdig krom i vassprøvar

Avvika og merknaden er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Mari Katrine Berg-Arnesen	Toril M. Mulen
overingeniør	seniorrådgjevar

Kopi: Voss kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NOBI AS AVD PRODUKSJON	
Organisasjonsnr.: 973 166 859	**Eigd av:** 933896412
Bransjenr. (NACE-kode): 23.610 - Produksjon av betongprodukter for bygge- og anleggsvirksomhet	

Kontrollerte einingar

Namn: NOBI Voss – mellomlagring av avfall	**Anleggsnr.:** 4601.0075.01
Kommune: Voss	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 09.06.2016	**Sist endra:** 08.09.2020

Namn: NOBI Sandtak Voss – pukkverk	**Anleggsnr.:** 4621.0101.01
Kommune: Voss	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Pukkverk	

Namn: NOBI Ferdigbetong Voss	**Anleggsnr.:** 4601.0126.01
Kommune: Voss	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Mineralsk industri, unntatt pukkverk	

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen 23. september 2022 vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Vilkår i løyvet til drift av avfallsanlegg datert 8. september 2020
- Krav i kapittel 30 i forureiningsforskrifta om forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel
- Internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar
- Utsleppskontroll, til luft, vatn og støy
- Handtering av avfall, spesielt farleg avfall
- Kjemikaliehandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen, og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

NOBI AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at NOBI AS innan 20. januar 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 20. september 2022. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må NOBI AS betale eit gebyr på 35 000 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp,* www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:
Verksemda si handtering av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

- avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv av farleg avfall
- avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt

Kommentarar til regelverket:
Farleg avfall skal lagrast forsvarleg og slik at det ikkje fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr, jf. avfallsforskrifta § 11-5.

Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong per år til godkjent mottak. Plikta gjeld når den totale mengda farleg avfall overstig 1 kilo, jf. avfallsforskrifta § 11-8.

Observasjonar under kontrollen:
Under kontrollen observerte vi at det stod lagra oljetønner med spillolje på grusdekke. Dette er mangelfull lagring av farleg avfall. Her manglar det oppsamlingskar under oljefata der ein lagrar spillolje, her manglar det vern mot vêr og vind, og her manglar det hindringar slik at uvedkommande ikkje kan ta med seg spillolje eller drive hærverk med fare for forureining.

Inne på eine verkstaden såg vi oljetønner utan merking av innhald. Ein skal merke avfallsbehaldar slik at det er tydeleg kva farleg avfall dei inneheld.

Vi såg at oljetilgrisa filler låg kasta i oljetønne med diverse ordinært avfall. Farleg avfall skal sorterast for seg slik at ein oppnår riktig handtering av farleg avfall.

Vi såg også bilbatteri som var lagra utandørs på pallar som stod på grusdekke. Kassert bilbatteri er farleg avfall og lyt handterast deretter.

Verksemda kan ikkje dokumentere at alt farleg avfall er levert til godkjent anlegg.

Avvik 2:
Verksemda manglar skriftlege rutinar for mottakskontroll, støv og handtering av farleg avfall

Avvik frå:
- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket:
Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

Observasjonar under kontrollen:
Verksemda har rutinar, men fleire av rutinane er ikkje skriftlege.

Det kjem fram under kontrollen at det er gjort vurderingar som er ein del av mottakskontrollen, slik at ein unngår å ta imot betongavfall med fuger, puss og maling. Verksemda har praktiske og munnlege rutinar, men manglar skriftlege rutinar for mottakskontroll.

Verksemda har praktiske rutinar for å minimere utslepp av støv, men desse er ikkje skriftlege.

Verksemda har ikkje ei skriftleg rutine som omtalar kva som er farleg avfall, og korleis det skal handterast forsvarleg (lagring, emballering, årleg levering og deklarering).

Avvik 3:
Fleire utslepp frå verksemda er ikkje omtalt i risikovurderinga

Avvik frå:
- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Kommentarar til regelverket:
Verksemda skal kartlegge farar og problem knytt til mogleg forureining (ev. forureiningspotensialet) frå aktiviteten sin. På bakgrunn av kartlegginga må dei vurdere risiko for negativ påverknad på ytre miljø, og lage planar og gjennomføre tiltak naudsynt for å redusere risikoen.

Dette betyr mellom anna at utslepp til sårbar resipient må særskilt omtalast.

Observasjonar under kontrollen:
Utslepp med høg pH til anadromt vassdrag
Under tilsynet vart vi fortalt at vatn frå betongblanderiet og vaskeplass for betongbilar går via sedimenteringsbasseng før utslepp til Raundalselva. Vi vart òg vist dokumentasjon på vassprøver teke av vatn som går ut frå desse utsleppa. Dei viste mellom anna pH 11 på vatn frå vaskehallen og pH 12 frå blanderiet, ref. vassprøve datert 9. september 2021.

Raundalselva er ein del av det nasjonale laksevassdraget Vossovassdraget. Det er ei fisketrapp i Palmafossen, og Raundalselva er brukt til utplanting av lakserogn frå genbank. Ei undersøking frå Oslo[1] har sett på toleverdiar for fisk knytt til pH, og funna er summert i tabellen under.

pH	Effekt på fisk
5-9	Normalt ingen skadelege effektar
9.0-9.5	Sannsynlegvis skadeleg for laksefisk og åbor over lengre tids eksponering
9.5-10.0	Dødeleg for laksefisk over lengre tids eksponering. Fisken er motstandsdyktig overfor slike pH-verdiar i korte periodar. Kan vere skadeleg ovanfor enkelte fiskeartars utviklingsstadium.
10.0-10.5	Laksefisk og mort kan vere motstandsdyktige mot slike pH-verdiar i korte periodar, men fisken døyr ved lengre tids eksponering.
10.5-11.0	Laksefisk døyr i løpet av kort tid. Forlenga eksponering gjer at òg karpe, gjedde, gullfisk og suter døyr.
11.0-11.5	Alle fiskeartar døyr.

Lagring av betongslam på bedriftsinternt deponi
NOBI Ferdigbetong Voss legg betongslam frå produksjonen på deponi på sandtaket på Bjørkemoen. Fare for forureining frå denne handteringa var ikkje inkludert i risikovurderinga til verksemda.

7. Merknader

Måling av seksverdig krom i vassprøvar
Verksemda tek vassprøvar og gjennomfører analysar av vaskevatn frå betongblanderiet og vaskeplass for betongbilar. Seksverdig krom er ikkje inkludert i analysane. Det er førebels ikkje særskilde krav som regulerer forureining frå betongproduksjon, men stoffet er mellom anna inkludert med grenseverdi i høyringsutkastet til nytt kapittel i forureiningsforskrifta om forureining frå betongproduksjon. Det er òg særskild omtalt i EUs kjemikalieregelverk REACH som set avgrensingar på framstilling, omsetting og bruk av visse farlege stoff, stoffblandingar og produkt.

8. Andre forhold

Kartlegging av handtering av betongslam i Vestland fylke
Verksemda har plikt til å handtere betongslammet sitt forsvarleg og på ein måte som ikkje fører til forureining, jf. § 32 i forureiningslova.

Under tilsynet informerte vi at vi skal gjennomføre ei kartlegging av alle betongprodusentar i fylket og deira handtering av betongslam.

[1] https://www.statsforvalteren.no/contentassets/deeae741adb1442aaaa67d14a26f3e74/vedlegg-3---miljorisikovurdering-fornebubanen.pdf

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

10.Bilete

Bilete teke under kontrollen 23. september 2022 hos NOBI AS. Her er det mangelfull lagring av farleg avfall. Spillolje står i oljetønner på grusdekke. Her manglar det oppsamlingskar under oljefata der ein lagrar spillolje, her manglar det vern mot ver og vind, og her manglar det hindringar slik at uvedkommande ikkje kan ta med seg spillolje eller drive hærverk med fare for forureining.